



Fornøgd Per Bruvold viser fram storlaksen.

Trass i strenge restriksjonar også i år held det gode fisket i elva fram og siste rapport fortel om ein samla fangst på 138 kilo. Den største laksen som er teke til no denne sommaren er 10 kilo og det er ein kjend fiskar i elva som har fått den på land - Per Bruvold. Førebels i år har han fått 22 kilo fisk og ligg like etter ein av grunneigarane , som har fanga 25 kilo.

Det er ikkje tvil om at årsresultatet kjem til å liggja langt over fangsten ifjor som stoppa på 84 kilo mot 326 kilo i 2013, 1111 kilo i 2012 og 1400 kilo i 2011.

Den store rømminga av oppdrettsfisk i Hardangerfjorden er registrert også i vår elv. For få dagar sidan vart det fanga ein typisk oppdrettsfisk i Uskedalselva.

uskedalen.no har ellers fått melding om at forbodet mot fisket i Gravehølen er brote av fleire sidan fisket vart opna den 15. juni.



Ein glupsk sværing på 10 kilo!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Privat